

Referat

Møtetittel: Møte i Lokalt samarbeidsorgan for forskning, innovasjon og utdanning i Møre og Romsdal

Møtenummer: 3/2020

Møteleiar: Fagdirektør HMR, Torstein Hole

Dato: 02.12.2020

Tidspunkt: 11:30-13:30

Sted: Teams

Sekretariat: Seksjon for forskning og innovasjon, HMR: Therese M. Istad/Tone S. Fuglset

Til:

Navn	Tittel	Status	Møtt
Torstein Hole	Fagdirektør, Helse Møre og Romsdal HF	Leder	X
Ketil Hjelset	HR-direktør, Helse Møre og Romsdal HF	Medlem	X
Dag Arne L. Hoff	Forskningsjef, Helse Møre og Romsdal HF	Medlem	X
Toril Forbord	Prodekan for utdanning, Fakultet for medisin og helsevitenskap, NTNU	Medlem	X
Svanhild Schönberg	Instituttleder, Institutt for helsevitenskap Ålesund, NTNU	Medlem	X
Randi Bergem	Dekan, Avdeling for samfunnsfag og historie, Høgskulen i Volda	Medlem	
Heidi Haavardsen	Dekan, Avdeling for helse- og sosialfag, Høgskolen i Molde	Medlem	
Paula Næss Skår	Leder, Brukerutvalget Helse Møre og Romsdal HF	Medlem	X
Guro Berge	Utdanningsjef, Helse Møre og Romsdal HF	Medlem	X
Anna-Marie Hatlestad	FoU-rådgiver, Regional- og næringsavdelinga, Møre og Romsdal Fylkeskommune	Observatør	
Arthur Almestad	Regionansvarlig Møre og Romsdal, Norges Forskningsråd	Observatør	X
Åse Elin Hole	Rådmann, Stranda kommune, KS	Observatør	X
Marit Kjersem	Helsefagleg rådgjevar, Helse Møre og Romsdal HF	Vara	
Anne Sofie Furberg	Professor, Avd. for Helse- og sosialfag, Høgskolen i Molde	Vara	X
Knut Hunnes	Instituttleder, Institutt for sosialfag, Høgskulen i Volda	Vara	

Saksnr.	Emne
SO 2020/19	Godkjenning av innkalling og sakliste v. Torstein Hole (TH) - Vedtak
<p>Vedtak: Innkalling og sakliste godkjend utan merknadar.</p>	
SO 2020/20	Godkjenning av referat LSO-møte 24.09.2020 v. TH – Vedtak (Vedlegg 1)
<p>Vedtak: Referat godkjend utan merknadar.</p>	
SO 2020/21	LSO: nye medlem og varaer v. TH
<p>Torstein går gjennom nye medlem og varaer.</p> <p>Vedtak: LSO tek orienteringa til vitande</p>	

Referat

SO 2020/22	Tildeling av regionale forskningsmidler fra Samarbeidsorganet – korleis arbeide opp mot neste års utlysing? Dag Arne L. Hoff, HMR innleder – Orientering/diskusjon
<p>Orientering om tildelinga for 2021. Nøgde, grad av tildelingane som forventa eller.... skal noko gjerast? Kva scorer vi dårleg på? Fritt fram for alle å søke? Intern prekvalifisering etter skisse innlevert i feb.? Osv.</p> <p>Sjå også vedlagt presentasjon. Dag Arne gjekk gjennom ein presentasjon frå SO-tildelingen, denne viser søknadstyper, søkarinstitusjon, fordeling på satsingsområde, helsekategoriar, kjønn og tildeling (2017-2020) m.m. Tal på søknadar totalt: 14 frå HMR 15 frå HNT og 185 frå St.Olav.</p> <p>HMR fekk tilslag på 2 av 14 prosjekt, rundt 15 %, HNT lå omtrent på same utteljing (men på HNT var 2 av søknadane som fekk tildeling utanlandsstipend (mindre beløp)). Torstein var med i SO-møtet som vedtok tildelinga – det var nokre merknader på å følgje opp kjønnsbalansen, ellers ingen større diskusjonar. HMR og HNT har fleire ganger fått løfta enkelte søknadar på politisk grunnlag (det var ikkje nødvendigvis tilfelle her). I år hadde HMR kun ein søknad som var inne blant dei 30 % beste i sin kategori.</p> <p>Torstein: Klinikane i St. Olav har ca 8 % utteljing. Både HMR og UH-institusjonane i fylket har eit langt stykke å gå for å få gode nok søknadar – men er det kvaliteten på søknadane, er det tekniske ting i søknaden eller er det samarbeidsproblematikken opp mot bl.a. UH, er vi for dårlege til å formulere problemstillingane? Usikker på kor vi skal fokusere.</p> <p>Dag Arne: Veit heller ikkje nok om kor skoen trykker, har ikkje sett søknadene som er sendt, stab har i utgangspunktet ikkje innsyn i det. I helseføretaket har vi mykje å jobbe med når det gjeld å formulere seg, begynne tidleg, ikkje nok å begynne 1 måned før fristen, jobbe systematisk med søknadene i god tid, bygge struktur, bygge eit godt forskingsnettverk inn i søknaden.</p> <p>Toril: Det er ein utteljing for HMR her – vidare handlar det om å vite kva vi må gjere for å forbetre. Det burde kanskje vere mogleg å få ein tilbakemelding/ vurdering til søkarinstitusjonen som sådan, ikkje berre til enkeltøkjarar.</p> <p>Arthur: Er det åpent hvilke søknadskriterier som er vektlagt, dette bør det være. Torstein: Ja, dette legger SO ut på sine nettsider sammen med utlysningen. Kriteria varierar fra år til år. De bruker å være transparent.</p> <p>Dag Arne: I etterkant av tildelinga ønskjer ikkje SO å dele vurderinga/bakgrunnen for karactersetting, de ser på dette som eit internt arbeid. Det er synd dersom f.eks HMR har interne midlar som ein kunne tildelt nokon av prosjekta – da må ein gjere heile vurderingsprosessen på nytt i staden for å bruke eksisterende arbeid. Det er også lite hensiktsmessig mtp å forbetre den overordna kvaliteten på søknadane. Det kan være ein moglegheit å lage et opplegg for forhåndsskisser av søknader, gå tidligere inn i kvar søknad.</p> <p>Torstein: Vi kunne gjort ein henvendelse frå LSO til regionalt sekretariat SO: be om ein anonymisert variant av begrunninga? Dag Arne har allereie forsøkt, men vi kunne vurdere ein ny henvendelse. Ein anonymisert variat kan ikkje brukast for intern tildeling av midlar, men for å forbetre den generelle kvaliteten.</p> <p>Furberg: Både kvalitet og nytte vert vektlagt, må ikkje glemme å beskrive nytteveriden godt. Kvar enkelt søkjar får tilbakemelding, og kvar enkelt står vel fritt til å dele det? Einig i at å levere skisse kunne være en ide, og gjerne ein type kursing / kollokvie.</p> <p>Guro: Kunne ein hatt ein kortversjon av protokollskulen? Og korleis er deltakarane på protokollskulen representert inn i søknadmengden til SO – kunne kanskje bygget vidare på dette? Torstein / Dag Arne: godt poeng og noko ein veit for lite om, det er noko vi tar med oss vidare.</p>	

Referat

Svanhild: Søknadsskrivekurs er det mange som har delteke på, men om ein hadde fått til noko enda mer konkret: legge fram prosjektskissa si, få tilbakemelding fra fagpersoner på eiga skisse, ein type workshop heller enn eit skrivekurs.

Dag A: støtter dette, konkret tilbakemelding og en slags «task force» hadde vært veldig bra.

Torstein: einig og burde da ha noen med i task force som har erfaring fra prosjekttildeiringer o.l.

Vedtak:

LSO ser potensiale for utvikling av kvalitet på søknadar både fra UH og HMR, vi må fortsette diskusjonen om koeis ein konkret kan styrke søknadane inn mot neste utlysing.

Ber AU sjå på om det er praktiske tiltak som kan settast i verk inn mot utlysing i 2021.

AU må vurdere å be SO regionalt om å få anonyme vurderingar for å bruke dette i vidare arbeid.

SO 2020/23 | Prosjektkatalog og masterstudenter v. Guro Berge, HMR innleder – Diskusjon og vedtak

Oppfølging av sak 2020/6 og 2020/16. LSO ønska å utarbeide ein katalog over forskingsprosjekt (felles for medlemmane i LSO) som masterstudentar kan nytte seg av.

Guro la fram eit forslag på korleis ein kan ta arbeidet vidare. **Sjå også vedlagt presentasjon.**

Guro har vore i kontakt med HVO, HiM og NTNU Ålesund – korleis er masterprosjekt organisert per i dag?

-Fleire har gode system for organisering av masterprosjekt

-Må ta hensyn til lokale retningslinjer

-Enkelte har lokale katalogar allereie (bl.a. [Volda - Masterkatalog](#))

Ein LSO-katalog vil vere eit supplement til allereie eksisterande ordningar (ikkje erstatte).

Innhold: Kva skal inn - veldig detaljert info vil vere vanskeleg å vedlikehalde, ønskjer å satse på ein relativt enkel, men nyttig variant.

-Ansvar for katalogen bør følgje leiar/sekretariat for LSO (rullerast)

-Katalogen som eit *dynamisk* dokument

-Plan for deling/formidling av masterprosjekt etter mastereksamen / fullført mastergrad

- oversikt over fullførte prosjekt?

Medieplan? Masterstipend? Bi-veiledere frå fleire institusjonar

Svanhild: Veldig godt fremlegg, enig i at forslaget med veldig detaljert info må utgå

Vil gjerne ha bacheloroppgaver også inn?

Torstein: Også enig i at veldig detaljert variant må utgå. Flott forslag til korleis ein kan ta det vidare.

Toril: Flott utkast – enig i det som er blitt sagt over.

-Følger ikke med midler pr student utenom når de jobber med lab

-Bachelorstudenter skal ikke jobbe med pasientdata, men dersom det gjelder mindre oppgaver, hygiene etc kan det være veldig relevant at de også bruker katalogen.

Dag A: Omfang og tall? Hvor mange vil dette være aktuelt for? Hvor mange masterstudenter er det i fylket?

Referat

Svanhild: Rundt 20 masterstudenter i året ved NTNU. Det vil også komme en ny mastergrad snarlig som skal ta opp studenter – så de satsar på eit aukande tal på masterstudentar.

Furberg: Har ikke oversikt på tall, vil ta det vidare med Heidi.

Arthur: NFR sin prosjektbank kan kanskje være til inspirasjon for korleis ein har satt opp ein prosjektkatalog.

Svanhild: Mtp forrige sak om kvalitet på forskningsøknadar, så kan prosessene med å bygge gode prosjekt gjerne starte med gode masterprosjekt. Masterprosjekt som er satt opp på ein grundig og god måte - og gjerne bygget inn i større forskningsprosjekt - er også veldig viktig for rekruttering til vidare forskning.

Vedtak:

LSO sluttar seg til forslaget om opprettinga av ein felles katalog og HMR v. Guro får oppdraget med å ta forslaget vidare – med de innspill som kom i saken.

SO 2020/24 KS; roller og forventninger til LSO v. Åse Elin Hole, KS – Orientering/ diskusjon

Oppfølging av sak 2020/11:

Korleis ser KS for seg sin eigen rolle i LSO og kva ønskjer dei frå UH/HMR? Korleis ser dei for seg samarbeidet i dette organet?

- KS – representerer alle kommunane i Møre og Romsdal, 26 totalt, fordelt i ulike regionar. KS har en overordna, strategisk funksjon.
- I lokalt samarbeidsorgan har de observatørstatus, rolla er eigentleg beskriven i mandatet for LSO: de skal vere lyttande, utan å vere ein aktiv deltakar – men samtidig er det naturleg å kome med innspel der det er relevant.
- KS har ei forventning om at helseføretak og UH-institusjonar er premissleverandørar når det gjeld å implementere både nasjonale og regionale retningslinjer og krav.
- Viktig for KS å være tilstades i LSO-gruppa, og i andre aktuelle råd og utval, forventar også å vere høyringsinstans i relevante saker.
- Har fokus på å etablere gode praksisfelt, moglegheiter for hospitering m.m.
- Fasilitere for deltidsutdanning – 70% av de som deltek på dette blir i heimfylket, så dette er det viktig å ha fokus på.
- På feltet velferdsteknologi vert kommunane stadig utfordra og dette er eit felt kor KS ser at både helseføretak og UH-institusjonane kan bidra ved å sjå nye mogelegheiter og utdanne rett kompetanse.

Kommentarar:

Torstein: Fint høre om ambisjonsnivået frå KS, flott at KS ser på deltakinga i organet som nyttig og som noko som gir verdi.

Svanhild: NTNU jobbar både med heiltid- og deltidsstudiar, ein del av det de har på deltid er veldig relevant for kommunane og de ser også at de får god søknad faktisk også nasjonalt på heiltidsstudiane.

Ser også no i samanheng med pandemien at det fungerer godt å tilby meir digital undervisning, slik at folk kan utdanne seg der de er – men kombinert med enkelte fysiske samlingar.

Vedtak:

Orienteringa tas til følge.

SO 2020/25 Forslag til møtedatoer LSO 2021 v.TH - vedtak

Referat

AU: 17. Feb, 12-13:30 (inkl. Diskusjon mandat)

LSO: 17. Mars, 11.30-15.30

AU: 20. Mai, 12-13

LSO: 9. Juni, 12-14 (regionalt SO er satt opp frå 10-15 denne dagen, må flyttes)

Nytt forslag: Torsdag 10.juni 13-15

AU: 27. Oktober, 12-13

LSO: 24. Nov, 12-14

Vedtak:

LSO vedtok møtedatoane over.

SO 2020/26 | Orienteringssaker (maks 5 min kvar sak) - orientering

1. Orientering frå møte regionalt SO v./T.Hole

Justering av formelt lederskap SUU (sjå nedanfor)

Tildeling av forskingsmidlar: oppretthalde nettoramme, omtrent same økonomiske ramme for tildelingar i 2021 som 2020

SO har bestemt at ein skal vere strenge når det gjelde manglende adressering til HF

Tildelingar forskning i 2020 (gått gjennom i tidligare sak)

FFU: gjekk gjennom tildelingar

Utlysing: kvalitet og relevans i praksisstudier: litt større sum enn tidlegare

CAG: to nye tildelingar

Resultatbaserte forskingsmidlar: ca 2,5 mill til HMR og HNT

Infrastruktur: bl.a. forskningspost m.fl blir direktefinansiert fra RHF i staden for via SO. SO vedtok 3-års tildeling.

Jorunn Sandvik oppnemnt i nasjonalt publiseringutval

Toril: Torstein H. i styringsgruppe for desentralisert medisinstudium, også satt ned ei arbeidsgruppe.

Utfordring: Studentar i klinisk praksis etter nyttår, kommer direkte frå juleferie andre stadar i landet – nokre kommunar har laga testregime. Trondheim kommune har vedtatt eit testregime.

Torstein: fagdirektørene i Helse Midt vurderar dette, avventar felles regionalt regime, vert tatt opp i sentralleinga v. St.olav 02.12, tas opp i kjernegruppa i HMR 03.12.

2. Orientering frå møte regionalt SUFI

– ingen info, referat ikkje tilgjengeleg enda.

3. Orientering frå regionalt SUU v/ Toril Forbod/Heidi Haavardsen

Anne Katarina Cartfjord, HR-dir Helse Midt blir leiar for SUU.

Vedtok utlysiingstekst for praksis og relevans i praksisstudier. Overført tilgjengelege midlar slik at det vert 7 millionar som er utlyst, søknadsfrist allereie 4.jan. Helsetjeneste og UH saman som skal søke om midlar.

Utdanningswebinaret som HMR har regien på (10.des) – siste hånd på verket.

Therese Svendsen, ansatt i helsefagavd St. Olav – oppnemnt som fagekspert utdanning i Helseplattformen – konsensusgruppe med folk frå UH- og HF-sektoren.

4. Orientering frå NTNU

Ny fagplan Bachelor i sykepleie

Ny modell for veiledning: «styrket veiledning i praksis» - god tilbakemelding på dette

Referat

Fokus på kvalitet i praksis framover

5. Orientering frå HiMolde

I ferd med å tilsette ein stipendiat på tema: «Covid 19 i sykehjem – forløp og behandling», inkl kommunikasjon med pårørende. Har også under vurdering søkjarar til ei stipendiat-stilling på tema «Avansert klinisk sjukepleie i kommunehelsetjenesten», der ein ønskjer fokus på tverrprofesjonelt arbeid. Arbeider mye med korleis få til praksis på beste vis i pandemien

6. Orientering frå HiVolda

– Ikkje representert i møtet i dag.

7. Orientering frå HMR

Utdanningswebinaret 10. des

Smittesitusasjonen er relativt god i Møre og Romsdal, har hatt få innlagte.

Det store smittetrykket i M&R henger sammmen med arbeidsinnvandring

Fleire båter som kommer frå utlandet/importsmitte, Sula kommune blir råka veldig av dette.

Vidare utfordring: Studentar i praksis etter juleferie, dette jobbast det med (nemnt over).

8. Orientering brukarutvalet

Handlingsplan for arbeidet i brukarutvalet – [ligg tilgjengeleg på nett her.](#)

Seminar for å evaluere eigen aktivitet i slutten av januar

Pasientflyt, viktig område i revidering av samarbeidsavtalen, helsefellesskapet som er viktig å få til.

Pasientsikkerheit, viktig bl.a. i arbeidet med Helseplattformen, at det er trygghet for pasientdata etc

Legge til rette for avstandsoppfølging, videokonsultasjonar – viktig å følge opp dette vidare,

brukarutvalet har hatt dette på dagsorden i så og si alle møter

Innspill på noen uheldige hendingar i forbindelse med pasientreiser – utskrivning fra sykehus til heimen – dette vil de ta opp som tema på neste møte for å få på dagsorden.

Tettere samarbeid med ungdomsrådet, ungdomsrådet har også vore ein pådrivar for dette. Også administrativt vil de få til et tettere samarbeid. De har same mål: pasientgruppa.

9. Orientering NFR

3-4 milliarder ute i utlysning nå. Arthur har eit eige innlegg om utlysingane i etterkant av LSO-møtet.

10. Orientering KS

Forebygge at vi skal få smitte, smittesporing og rigge oss til å møte ei høgtid

Det er høgt sjukefråvær i mange av kommunane – svært krevande også å vere i beredskap opp mot smitte, i tillegg til å faktisk stå i en reell smittesituasjon.

Ivareta på institusjonar, t.d. sjukeheimar, slik at ein kan ta i mot besøk.

Laget rutine for å ta i mot studentar som kjem frå raude område.

Vedtak:

LSO tek orienteringa til vitande

Eventuelt: